



NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Merknad til søknad om overføring av to bekker til Blåfalli III i Blådalsvassdraget**

**Tiltaket gir berre eit lite tillegg i produksjonen i Blåfalli III. Fylkesmannen er i tvil om at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene, vurdert ut frå samla belastning på landskap og opplevingsverdi i Blådalen.**

### **Vi etterlyser betre dokumentasjon av attverande urørt vassdragsnatur i området.**

Vi viser til høyringsdokument frå Sunnhordland Kraftlag (SKL) om å overføre bekkane Urdabotn og Grøningsbekken 2 til produksjon i Blåfalli III kraftverk. Bekkane er mindre sidefelt til Blådalsvassdraget i Kvinnherad, som har vore utbygd til vasskraftformål gjennom nærare 70 år. Det er i dag 6 kraftverk og 8 reguleringsmagasin i vassdraget. Prosjektet inngår i SKL sin *Generalplan for Blådalsvassdraget* som vart utarbeidd i 1998. Dei nye tiltaka er venta å gi produksjonsauke på 4,8 GWh. Dagens gjennomsnittlege årsproduksjon i Blåfalli III er 550 GWh, medan samla produksjon i heile Blådalsvassdraget er omlag 1490 GWh.

#### **Om tiltaket**

Inntaka er planlagt veglaust på høvesvis på kote 720 og kote 730. Det skal gjennomførast som sjaktboring og vatnet vil bli ført inn på eksisterande tilløpstunell til Blåfalli III. For kvart av inntaka vert det etablert ein dam med høgde på 3 meter. Det er ikkje trong for større deponi, men det vil bli produsert mindre mengder finmassar, om lag 7-8 m<sup>3</sup>, som blir deponert lokalt ved inntaksområdet. Det er foreslått slepp av minstevassføring på 10 l/s i begge bekkane heile året.

#### **Søklar sin vurdering av verknader**

Naturtypene i nedbørsfeltet er regionaltypisk, og det er ikkje gjort funn av raudlista artar i tiltaks- eller influensområdet. Redusert vassføring vil føre til reduserte bestandar av botndyr, spesielt i Grøningsbekken. Konsekvensane for det akvatiske dyrelivet i bekkene er sett til *middels – liten negativ*. Samla sett er konsekvensane av planlagde tiltak på biologisk mangfald, knytt til akvatiske og terrestrisk natur vurderte til *lite – middels negativ* for begge bekkfeltet. Omsyn til dei akvatiske naturmiljøa er vekta tyngst, spesielt naturtypen elveløp som er nasjonalt raudlista som nær truga og må reknast å ha stor samla belastning regionalt.

Begge bekkene har innslag av mindre fossefall og stryk som set sitt preg på landskapet, spesielt ved høg vassføring. Dette gjeld særleg Grøningsbekken 2, som har lite restfelt nedstraums inntaket. Då det ikkje finst større sidebekkar vil tiltaket her bli synleg. I bekk Urdabotn vert vassføringa mest merkbar ei strekning på 150 meter ovanfor Urdabotnvatnet. Søkjar har vurdert konsekvensane på landskapet for dei planlagde tiltak til å vere *lite – middels negativ* for begge bekkefelta. For Urdabotnvatnet vil tiltaket føre bortfall av INON område sone 2 (1-3 km) på 0,9 km<sup>2</sup>.

Blådalen er lett tilgjengeleg for friluftsliv og andre tilreisande på grunn av anleggsvegane. Tiltaksområdet ligg utanfor dei mest nytta områda for utfart, men redusert vassdragsnatur vil vere merkbar for besøkjande i dalføret. Søkjar skriv at dei aktuelle bekkane må «oppøskjast» i terrenget og dei berre i liten grad (korte strekk) er synleg frå anleggsvegane langs Blådalsvassdraget. Konsekvensane er sett til *liten – middels negativ* friluftsliv og *liten negativ* for reiselivsnæringa.

### **Fylkesmannens merknader**

Blådalen er sterkt prega av mange store kraftutbyggingsprosjekt, gjennom synlege demningar, tunnelinnslag, deponi, overføringar, kraftstasjonar, vegar og andre tekniske inngrep. Tidlegare utbyggingar er vist på figur 4 i søknaden. Dei to bekkane som no er søkt tekne inn i overføringstunnel ligg i eit delområde med færre inngrep og som kan opplevast som meir urørt. Tiltaket vil føre til at landskapet på den aktuelle staden vil framstå som mindre livfullt, spesielt på dagar med større nedbørsmengder.

Fylkesmannen etterlyser informasjon som gjer det mogleg å vurdere samla belastning på naturmangfaldet i Blådalen. Utbyggjar bør lage eit oversyn over kva som er att av urørt vassdragsnatur, for å vise i kor stor grad rennande vatn framleis er eit synleg landskapselement. Slik informasjon kan presenterast i eigna kart og fotos. Blådalen sin funksjon som innfallspørt for friluftsliv- og reiselivsaktivitetar gjer dette nødvendig.

Fylkesmannen vil vise til at SKL sin generalplan for Blådalsvassdraget vart utarbeidd før krav om samla belastning vart eit sentralt vurderingsgrunnlag i konsesjonssaker, jf. naturmangfaldlova § 10. Sett ut frå dagens krav er det difor ikkje gitt at det vil vere rett å følgje opp alle prosjekta i generalplanen.

Tiltaket gir berre ein liten produksjonsauke i Blåfalli III. Fylkesmannen er i tvil om fordelane vil vere større enn ulempene for vassdraget og dalføret når det gjeld samla landskapsinngrep. Vi ber NVE vurdere dette spørsmålet.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Kvinnherad kommune

Miljødirektoratet

Postboks 7900

Tverrgt. 4/6

Rosendalsvegen 10

Postboks 5672 Sluppen

5020

5017

5470

7485

Bergen

BERGEN

Rosendal

TRONDHEIM